



Det Kongelige Finansdepartement  
Postboks 8008 Dep.  
0030 OSLO

Deres ref.	Vår ref./Sakshandsamar	Arkivkode:	Dato:
	11/270-8/11/5335/Jostein Overskeid	232	23.06.2011

**Eiendomsskatt for kraftverk, forslag om endring av reglane for maksimums- og minimumsreglane, høyringsuttale frå Sauda kommune VEDTAK I SAK 054/11 I KOMMUNESTYRET 22.06.2011**

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

**KOM-054/11 VEDTAK:**

**Enstemmig vedtatt**

På prinsipielt grunnlag bør reglane om maksimums- og minimumsprisar i egedomsskattelova § 8, 4. ledd fjernast. Samstundes bør kapitaliseringsrenta tilpassast marknaden for kraftsektoren. Dette standpunkt byggjer på følgjande grunnar:

1. Egedomsskattelova sin intensjon og nedfelt takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige maksimums- og minimumsprisar som både gir ukorrekt takst og har uheldige biverknader.
2. Egedomsskattelova sine maksimums- og minimumsprisar skal ikkje nyttast som del av inntektsutjamninga mellom staten og kommunane.
3. Egedomsskatteordninga skal framleis vera ein rein frivillig og lokal skatteart utan føringar om maksimums- og minimumsprisar ved taksering av kraftverk.
4. Kapitaliseringsrenta bør setjast i samsvar med egedomsskattelova sitt takseringsprinsipp og tilpassast marknaden og den kontinuerlege risikovurdering for kraftverksektoren og ikkje fastsetjast med utgangspunkt i behov for inntektsmessig omfordeling. Føreset maksimumsverdi på 2,41 kr/kWh og kapitaliseringsrente på 6%, vil det for Sauda kommune føre til ytterligere inntekt på 5,5 millioner kroner.

Det er avgjerande at tilpassing (oppjustering) av diskonteringsrenta skjer i kombinasjon med fjerning av maksimums- og minimumsprisane for å få ei egedomstaksering som samsvarar med intensjonen i egedomsskattelova.

Er det behov for inntektsmessig omfordeling mellom stat, kommune og kommunane imellom, må denne skje innafor gjeldande inntektsoverføringssystem.

Kommunestyret ber rådmannen oversenda vedtaket, saman med saksforarbeid med behandling, som Sauda kommune sin uttale til finansdepartementet.

På prinsipielt grunnlag bør reglane om maksimums- og minimumsprisar i eigedomsskattelova § 8, 4. ledd fjernast. Samstundes bør kapitaliseringsrenta tilpassast marknaden for kraftsektoren. Dette standpunkt byggjer på følgjande grunnar:

1. Eigedomsskattelova sin intensjon og nedfelt takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige maksimums- og minimumsprisar som både gir ukorrekt takst og har ueheldige biverknader.
2. Eigedomsskattelova sine maksimums- og minimumsprisar skal ikkje nyttast som del av inntektsutjamninga mellom staten og kommunane.
3. Eigedomsskatteordninga skal framleis vera ein rein frivillig og lokal skatteart utan føringar om maksimums- og minimumsprisar ved taksering av kraftverk.
4. Kapitaliseringsrenta bør setjast i samsvar med eigedomsskattelova sitt takseringsprinsipp og tilpassast marknaden og den kontinuerlege risikovurdering for kraftverksektoren og ikkje fastsetjast med utgangspunkt i behov for inntektmessig omfordeling.

Det er avgjerande at tilpassing (oppjustering) av diskonteringsrenta skjer i kombinasjon med fjerning av maksimums- og minimumsprisane for å få ei eigedomstaksering som samsvarar med intensjonen i eigedomsskattelova.

Er det behov for inntektmessig omfordeling mellom stat, kommune og kommunane imellom, må denne skje innafor gjeldande inntektsoverføringssystem.

Kommunestyret ber rådmannen oversenda vedtaket, saman med saksforarbeid med behandling, som Sauda kommune sin uttale til finansdepartementet.

## **22.06.2011 KOMMUNESTYRET**

Laura Seltveit (AP) – viste til side 69 – og foreslår at det føyes til følgende under punkt 4. Føreset maksimumsverdi på 2,41 kr/kWh og kapitaliseringsrente på 6 %., vil det for Sauda kommune føre til ytterligere redusert inntekt på 5,5 millioner kroner.

## **KOM-054/11 VEDTAK:**

Samrøystes.

På prinsipielt grunnlag bør reglane om maksimums- og minimumsprisar i eigedomsskattelova § 8, 4. ledd fjernast. Samstundes bør kapitaliseringsrenta tilpassast marknaden for kraftsektoren. Dette standpunkt byggjer på følgjande grunnar:

5. Eigedomsskattelova sin intensjon og nedfelt takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige maksimums- og minimumsprisar som både gir ukorrekt takst og har ueheldige biverknader.
6. Eigedomsskattelova sine maksimums- og minimumsprisar skal ikkje nyttast som del av inntektsutjamninga mellom staten og kommunane.
7. Eigedomsskatteordninga skal framleis vera ein rein frivillig og lokal skatteart utan føringar om maksimums- og minimumsprisar ved taksering av kraftverk.
8. Kapitaliseringsrenta bør setjast i samsvar med eigedomsskattelova sitt takseringsprinsipp og tilpassast marknaden og den kontinuerlege risikovurdering for kraftverksektoren og ikkje fastsetjast med utgangspunkt i behov for inntektmessig omfordeling. Føreset maksimumsverdi på 2,41 kr/kWh og kapitaliseringsrente på 6%, vil det for Sauda kommune føre til ytterligere inntekt på 5,5 millioner kroner.

Det er avgjerande at tilpassing (oppjustering) av diskonteringsrenta skjer i kombinasjon med fjerning av maksimums- og minimumsprisane for å få ei eigedomstaksering som samsvarar med intensjonen i eigedomsskattelova.

Er det behov for inntektsmessig omfordeling mellom stat, kommune og kommunane imellom, må denne skje innafor gjeldande inntektsoverføringssystem.

Kommunestyret ber rådmannen oversenda vedtaket, saman med saksforarbeid med behandling, som Sauda kommune sin uttale til finansdepartementet.

Viser elles til vedlagte sak.

Med helsing  
Kundetorget

*S. L. Handeland*

Sofrid Løvrekke Handeland  
leder

**Kopi til:**

Landssamanslutninga av  
Vasskraftkommunar  
Jostein Overskeid

Postboks 1148    0104    OSLO  
Sentrum

# SAUDA KOMMUNE

## Møtebok

SAKSGANG		
Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak
232	Jostein Overskeid	11/270

### Eiendomsskatt for kraftverk, forslag om endring av reglane for maksimums- og minimumsreglane, høyringsuttale frå Sauda kommune

#### Forslag til vedtak:

På prinsipielt grunnlag bør reglane om maksimums- og minimumsprisar i egedomsskattelova § 8, 4. ledd fjernast. Samstundes bør kapitaliseringsrenta tilpassast marknaden for kraftsektoren. Dette standpunkt byggjer på følgjande grunnar:

5. Egedomsskattelova sin intensjon og nedfelt takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige maksimums- og minimumsprisar som både gir ukorrekt takst og har ueheldige biverknader.
6. Egedomsskattelova sine maksimums- og minimumsprisar skal ikkje nyttast som del av inntektsutjamninga mellom staten og kommunane.
7. Egedomsskatteordninga skal framleis vera ein rein frivillig og lokal skatteart utan føringar om maksimums- og minimumsprisar ved taksering av kraftverk.
8. Kapitaliseringsrenta bør setjast i samsvar med egedomsskattelova sitt takseringsprinsipp og tilpassast marknaden og den kontinuerlege risikovurdering for kraftverksektoren og ikkje fastsetjast med utgangspunkt i behov for inntektmessig omfordeling.

Det er avgjerande at tilpassing (oppjustering) av diskonteringsrenta skjer i kombinasjon med fjerning av maksimums- og minimumsprisane for å få ei egedomstaksering som samsvarar med intensjonen i egedomsskattelova.

Er det behov for inntektmessig omfordeling mellom stat, kommune og kommunane imellom, må denne skje innafor gjeldande inntektsoverføringssystem.

Kommunestyret ber rådmannen oversenda vedtaket, saman med saksforarbeid med behandling, som Sauda kommune sin uttale til finansdepartementet.

#### 22.06.2011 KUNNUNESTYRET

Laura Seltveit (AP) – viste til side 69 – og foreslår at det føyes til følgende under punkt 4. Føreset maksimumsverdi på 2,41 kr/kWh og kapitaliseringsrente på 6 %., vil det for Sauda kommune føre til ytterligere redusert inntekt på 5,5 millioner kroner.

#### KOM-054/11 VEDTAK:

**Enstemmig vedtatt**

På prinsipielt grunnlag bør reglane om maksimums- og minimumsprisar i egedomsskattelova § 8, 4. ledd fjernast. Samstundes bør kapitaliseringsrenta tilpassast marknaden for kraftsektoren. Dette standpunkt byggjer på følgjande grunnar:

9. Egedomsskattelova sin intensjon og nedfelt takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige maksimums- og minimumsprisar som både gir ukorrekt takst og har uheldige biverknader.
10. Egedomsskattelova sine maksimums- og minimumsprisar skal ikkje nyttast som del av inntektsutjamninga mellom staten og kommunane.
11. Egedomsskatteordninga skal framleis vera ein rein frivillig og lokal skatteart utan føringar om maksimums- og minimumsprisar ved taksering av kraftverk.
12. Kapitaliseringsrenta bør setjast i samsvar med egedomsskattelova sitt takseringsprinsipp og tilpassast marknaden og den kontinuerlege risikovurdering for kraftverksektoren og ikkje fastsetjast med utgangspunkt i behov for inntektsmessig omfordeling. Føreset maksimumsverdi på 2,41 kr/kWh og kapitaliseringsrente på 6%, vil det for Sauda kommune føre til ytterligere inntekt på 5,5 millioner kroner.

Det er avgjerande at tilpassing (oppjustering) av diskonteringsrenta skjer i kombinasjon med fjerning av maksimums- og minimumsprisane for å få ei egedomstaksering som samsvarar med intensjonen i egedomsskattelova.

Er det behov for inntektsmessig omfordeling mellom stat, kommune og kommunane imellom, må denne skje innafor gjeldande inntektoverføringssystem.

Kommunestyret ber rådmannen oversenda vedtaket, saman med saksforarbeid med behandling, som Sauda kommune sin uttale til finansdepartementet.

Sauda, 13.06.2011

Alan G. Thompson  
rådmann

**Vedlegg:**

Dok.dat	Tittel	Dok.ID
10.06.2011	110415 Høringsnotat fra finansdept.pdf	128196
10.06.2011	110607 Eiendomsskatt på kraftverk, uttale frå LVK.pdf	128197
10.06.2011	110607 Eiendomsskatt på kraftverk, vedlegg til uttale frå LVK.pdf	128198

**Lover, føresegner, rundskriv:**

Eigedomsskattelova. (lov nr. 29 av 6.juni 1975 med seinare endringar)  
Skattelova (lov nr. 14 av 26. mars 1999 med seinare endringar)

Etter overgangen til ei marknadsbasert kraftomsetning gjennom energilova av 1990, var det brei semje på Stortinget om behovet for ei tilsvarande omlegging av kraftskattereglane. Eit samrøystes storting la til grunn som prinsipp at skattereglane med eigedomsskatten skulle fanga opp "de reelle markedsverdier". Prinsippet skulle gjelda både for statsskattane overskotsskatt og grunnrenteskatt, og for den kommunale eigedomsskatten. Dette var eigedomsskattelova sin intensjon og prinsipielle ordning.

**Innføringa av minimumsverdi**

For eigedomsskatt var endringa i det vesentlige at ein, i staden for å legga til grunn den forventa framtidige kraftprisen, skulle basera seg på spotprisane gjennom dei siste fem år. Då dei nye takseringsreglene skulle tre i kraft i 2001, blei det klart at overgangen ville føra til eit utilsikta skattetap på omlag 450 mill kroner for kommunane som følgje av eit historisk lågt prisnivå etter dereguleringa, med spotpriser på 10-14 øre/kWh. For å hindre et slikt utilsikta skattetap, vedtok Stortinget ordninga med minimumsverdi.

**Innføringa av maksimumsverdi**

Som eit motstykke til minimumsverdien, blei det vedtatt ein maksimumsverdi i 2003. Dette var mot noverande regjeringsparti sine ønskje. Regelen er nå at eigedomsskattetaksten ikkje skal vera lågare enn 0,95 kr/kWh og ikkje høgare enn 2,35 kr/kWh. Grunngjevinga for maksverdien var at kraftføretaka skulle "få igjen det de taper" ved minimumsverdien.

Finansdepartementet stipulerte dei langsiktige fortenesteverknader av maksverdien til eit årlig tap for vertskommunane på 10 mill kr, basert på ein langsiktig kraftpris på 20 øre/kWh. Landssamaslutninga av VasskraftKommunar (LVK), som organiserer 173 kommunar (og Sauda), som alle er vertskommunar for vasskraftproduksjonsanlegg, protesterte mot ordninga med maksimumsverdi. Dette mellom anna fordi den var i strid med hovudmålsettinga med kraftskattereforma - om skatt basert på reelle marknadsverdiar. Ved innføringa av maksverdi presiserte likevel Finansdepartementet at hovudregelen om at eigedomsskatten skulle bygga på "de reelle markedsverdier" sto fast. Grunngjevinga for noverande regjeringsparti til å gå imot innføring av maksverdien var at kommunane ville trenga kvar krone til velferdsutviklinga. LVK har reist spørsmål til om denne særeigne ordninga – som er ein skatterabatt – kan vera "ulovlig statsstøtte" etter EØS-avtalen artikkel 61.

**Situasjonen i dag**

I dag har om lag 90 % av alle kraftanlegg reelle marknadsverdiar over maksverdien, og knapt 5 % under min.verdien. Maksverdien på 2,35 kr/kWh har stått fast sida 2003. Verknadene av dette kan illustrerast av dersom det vart gjennomført ei inflasjonsjustering til i dag – med andre ord oppretthalda realverdien - ville det utgjort nær 300 mill kroner i auka eigedomsskatteinntekter.

**For dei om lag 90 % av kraftverka som ligg over maksverdien, virkar ordninga slik at dess høgre inntening, dess større skattereduksjon.**

## Statsbudsjettet for 2011

I statsbudsjettet for 2011 har Finansdepartementet opplyst at ei oppheving av ordninga med minimums og maksimumsverdi vil berøra 200 kommunar. I følgje Finansdepartementet utgjorde skattetapet til vertskommunane om lag 840 mill kr i 2011. Ved oppheving av makstaket vil staten få redusert sine inntekter med 640 mill kr, dei offentlig eigde kraftselskapa 150 mill kr, og 50 mill kr frå private kraftføretak. I omtalen i statsbudsjettet for 2011, sa regjeringa at dei ville koma attende til spørsmålet i budsjettet for 2012.

## Høyringsnotatet

15.4.2011 sende finansdepartementet ut høyringsnotat der departementet varslar endringar i maksimums- og minimumsreglene i egedomsskatt på kraftverk med uttalefrist sett til 15. juli, jfr vedlegg 1.

I notatet foreslår departementet

- "at maksimums- og minimumsreglene justeres i årene framover. (...) Løsningen innebærer at vertskommunene i årene framover vil få en større del av en ev. inntektsøkning i kraftsektoren sammenliknet med dagens system."
- Departementet vil vidare "vurdere å foreslå en økning av risikotillegget i kapitaliseringsrenten". (*Definisjon kapitaliseringsrente: Denne renta vert nytta for finna nåverdien av kraftanlegget sine framtidige inntektsstraumar*)

Departementet har i notatet drøftingar av kraftkommunane sin økonomisk gode situasjon og tek til orde for å nytta egedomsskatt på kraftverk som eit instrument i inntektsfordelinga kommunane i mellom.

I kapittel 5 gir Finansdepartementet si konkrete vurdering i saka og foreslår kva endringar som bør gjennomførast. I hovudtrekk går forslaget ut på å inflasjonsjustera maksimumsverdien framover, kombinert med at departementet vurderer å auka kapitaliseringsrenta.

## **Vurdering og konklusjon:**

Etter å ha lese høyringsnotatet, synest rådmannen det gir inntrykk av at "alle" vasskraftkommunar er "rike" kommunar med høge inntekter pr innbyggjar. Ein finn difor grunn til å seia noko kort om utvikling og status for kommunen.

## Folketalsutviklinga

Ser me på dei siste vel 50 åra, var 1962 året med flest innbyggjarar, 6.283. Sidan det har det stort sett vore ein jamn reduksjon med mellom 30 og 40 personar pr. år. Fram til og med 1997 var det ein naturleg tilvekst (fødselsoverskot) kvart år. Dette vil seia at det var flyttemønsteret, altså ei netto utflytting, som førte til reduksjon i folketalet. Den naturlege tilveksten vart redusert mot slutten av 90-talet. I åra 1998-2000 var det omtrentleg balanse mellom fødde og døde, men i 2001 vart det eit negativt fødselsoverskot på 30. Denne har utviklinga halde fram. I 2010 var det underskot på 26.

## Alderssamansetninga

Det har i same perioden frå 1986 funne stad ein monaleg reduksjon i aldersgruppa barn og unge. For aldersgruppa 0-19 sett under eitt, er reduksjonen 25 %. For aldersgruppa 20 - 66 år er reduksjonen omlag 14 % og aldersgruppa 80-89 og 90+ har auka med om lag 46 % i den same perioden.

## Type kommune

Sauda er ein industrikommune. Grunnlaget for dette starta tidleg i førre århundre med utbygging av vasskraft og seinare smelteverksindustri. Dette er ennå ein av grunnpilarane for Saudasamfunnet. Då folketalet var på det høgaste, på 60-talet, hadde smelteverket rundt 1.200 tilsette. I perioden fram til i dag er dette redusert til om lag 170.

Gjennom den same perioden har Sauda kommune brukt store ressursar for å leggja til rette for nyetableringar. Det er etablert noko ny verksemد til delvis erstatning for reduksjonane ved smelteverket, men grunna mellom anna dei geografiske tilhøva, har me fleire ganger "tapt" i konkurransen med meir sentralt liggande kommunar.

### Økonomi

Det er i same tidsperioden gjennomført omstillingar og driftstilpassingar i den kommunale tenesteytinga. Den siste tilpassingsprosessen vart starta i 2009 og me er i gang med gjennomføringsdelen no. I dette ligg det som realitet at Sauda kommune må ned 11,7 millionar i 2012, 16 millionar i 2013 og med vel 17 millionar i 2014. Denne tilpassinga omfattar alle deler av organisasjonen og tenesteytinga til Sauda kommune. Størstedelen av utgiftene til kommunen er personalutgifter og reduksjonar går utover talet på tilsette, noko som slår uheldig ut i ein kommune med minkande folketal.

For å kunna utnytta eige inntektsgrunnlag maksimalt, har me innført eigedomsskatt som til saman utgjer 33 millionar kr pr år. Sauda er vertskommune for vasskraftanlegga til Elkem Saudefaldene som i dei siste åra har gjennomført eit omfattande oppgraderings- og utvidingsprosjekt. Eigedomsskatt på vasskraftanlegga er ei viktig inntektskjelde for oss og utgjer 22 millionar kr. pr år. Men det viser seg at desse inntektene ikkje er proporsjonale med løns- og prisauken elles i samfunnet og handlingsrommet til kommunen er redusert år for år, jfr avsnittet over.

I samband med større kraftutbyggingar vert alltid kommunane lova gode og framtidige inntekter frå vasskraftproduksjonen. Slik er det òg i Sauda. I behandlinga av oppgraderings- og utvidingsprosjektet i Saudautbygginga var dette eit vesentleg moment for Sauda kommune i vurdering av fordeler og ulemper med utbygginga – inngrepa og avgitte naturressursar i høve til sysselsetjing og framtidige inntekter.

Me har i Noreg ved fleire høve vore i ein situasjon med netto import av energi. Det har òg vore beredskapssituasjonar på landsbasis der det er førebudd både rasjonering og sonevis utkopling på grunn av fare for kraftunderskot, låg magasinfylling og/eller manglande overføringskapasitet. Dette syner at det er behov for å gjera noko med gapet mellom forbruk og produksjon og det eine tiltaket kan vera å bygga ut meir vasskraft, både små og større. I den situasjonen, bør det vera viktig at vertskommunane er positive til utbygging og får sin rettmessige del av verdiauknen – dei same kommunar som må få inngrep og avgitte naturressursar. Kanskje særleg viktig er dette i høve til dei mindre kraftverka som kanskje har størst behov for eit incentiv.

### **Vurdering av forslaget frå finansdepartementet**

#### Intensionane i lovverket.

Kraftskattereglane i energilova av 1990 legg til grunn eit prinsipp om at grunnlaget for eigedomsskatten er den reelle marknadsverdien på anlegget. Dersom ein skal halda fram med ordninga med maksimumsverdi, så bryt ein med dette prinsippet.

Det er tidlegare kome signal om behov for å innlemma eigedomsskatten i inntektsutjamninga i rammeoverføringssystemet – på same måte som med naturressursskatten. Dette har likevel vorte avvist fordi det er ønskje om å ha eigedomsskatten som ein rein frivillig lokal skatteart som ikkje skal fordela eller ujamnast i høve til storsamfunnet. Rådmannen meiner dette er eit viktig prinsipp som må gjelda framover – at den kjem dei samfunn til gode som i utgangspunktet må få inngrep og tapte naturverdiar.

#### Kva verknader får forslaget frå finansdepartementet for oss

Maksimumsverdien blir rekna ut med grunnlag i dei siste 7 års gjennomsnittlege produksjon multiplisert med 2,35 øre/kWh. Difor er produksjonen det einaste som påvirkar fastsetting av

eigedomsskattegrunnlaget. Nedgang i produksjon, betyr nedgang i inntektene fra eigedomsskatten. Dette trass i at kraftprodusentar som oftest opplever auke i prisane i tider med nedgang i produksjonen. **Slik maksimumsverdien fungerer nå, fører den til reduserte inntekter for Sauda kommune.**

Dersom ordninga med maksimumsverdien held fram og blir indeksregulert, samt at kapitaliseringssrenta blir heva, vil det virka ulikt i vertskommunane. **For Sauda vil det føra til ytterlegare redusert inntekt på 5,5 millionar kroner** (føresett maksimumsverdi på kr 2,41 kr/kWh og kapitaliseringssrente på 6 %)

Rådmannen viser elles til LVK sin høringsuttale til finansdepartementet og støttar denne fullt ut.

### Konklusjon

Rådmannen vil tilrå følgjande forslag til vedtak og at overståande saksforarbeid med behandling blir oversendt som Sauda kommune sin uttale til finansdepartementet:

På prinsipielt grunnlag bør reglane om maksimums- og minimumsprisar i eigedomsskattelova § 8 – 4. del fjernast. Samstundes bør kapitaliseringssrenta tilpassast marknaden for kraftsektoren. Dette standpunkt byggjer på følgjande grunnar:

1. Eigedomsskattelova sin intensjon og nedfelt takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige maksimums- og minimumsprisar som både gir ukorrekt takst og har uheldige biverknader.
2. Eigedomsskattelova sine maksimums- og minimumsprisar skal ikkje nyttast som del av inntektsutjamninga mellom staten og kommunane.
3. Eigedomsskattelova skal framleis vera ein rein frivillig og lokal skatteart utan føringar om maksimums- og minimumsprisar ved taksering av kraftverk.
4. Kapitaliseringssrenta bør setjast i samsvar med eigedomsskattelova sitt takseringsprinsipp og tilpassast marknaden og den kontinuerlege risikovurdering for kraftverksektoren og ikkje fastsetjast med utgangspunkt i behov for inntektsmessig omfordeling.

Det er avgjerande at tilpassing (oppjustering) av diskonteringsrenta skjer i kombinasjon med fjerning av maksimums- og minimumsprisane for å få ei eigedomstaksering som samsvarar med intensjonen i eigedomsskattelova.

Er det behov for inntektsmessig omfordeling mellom stat, kommune og kommunane imellom, må denne skje innafor gjeldande inntektsoverføringssystem.



SAUDA KOMMUNE